



Pressemelding 6. april

Ventar med å opne skular og barnehagar

– Vi kjem ikkje til å opne skular og barnehagar dagen etter påske.

Dette seier kommunalsjef for oppvekst i Alver kommune, Kristin Moe.

I første omgang er det berre snakk om den første ordinære dagen etter påskeferien, men dette kan bli forlenga.

– Før vi opnar, må vi vere heilt trygge på at skulane og barnehagane våre er godt rigga med tanke på smittevern. Dette vil vi ta oss nødvendig tid til å planlegge på ein god måte, seier Moe.

Regjeringa kjem med ei ny vurdering av dei nasjonale tiltaka i ein pressekonferanse tysdag eller onsdag i påskeveka. Alver kommune kjem tilbake med meir informasjon etter denne pressekonferansen.

Kontaktperson i Alver kommune:

Kristin Moe, kommunalsjef for oppvekst
Mobil: 988 57 205